


Openheitslova – utgreiing for 2025

Dette er ei utgreiing for vurderingar gjort i konsernet Voss Energi – morselskap og dotterselskap i konsernet.

Verksemd og verdigrunnlag

Voss Energi AS er eigd av Voss herad og vert drive frå Voss. Drifta omfattar produksjon, distribusjon og omsetnad av elektrisk kraft og varme, samt levering av fiber- og breibandtenester. Konsernet Voss Energi omfattar morselskapet Voss Energi AS og dotterselskapa Tendranett AS, Voss Energi Kraft AS, Voss Energi Produksjon AS, Voss Fiber AS og Hordaland Bioenergi AS. Dotterselskapa er 100% eigd av morselskapet. Alle selskapa er lokaliserte i og vert drivne frå Voss.



Openheitslova skal fremma verksemdar sin respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve. Arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve er forankra i konsernet sitt strategidokument og etiske retningslinjer, som bygger på Voss Energi sine verdiar: Berekraftig, kompetent og effektiv. Voss Energi sin visjon er «Vera lokal drivkraft for berekraftig utvikling». Helse, miljø og sikkerheit skal ha høg prioritet i alle konsernet sine oppgåver. Konsernet ynskjer å arbeida systematisk for auka samfunnsansvar.

Voss Energi sine etiske retningslinjer stiller krav om at ein ved innkjøp skal sørgja for at, tema knytt til miljø, arbeidstilhøve, sosiale tilhøve, diskriminering og korrupsjon vert vurdert.

Berekraft blir også brukt som tildelingskriterium i anbodskonkurransar og som kontraktskrav i anbodskonkurransar. Arbeidet med berekraft er godt i gang med fokus på å finna kva som er vesentleg for verksemda. Fokus på dette vil visa oss kvar me skal leggja innsatsen vidare i arbeidet med berekraft. Me var ferdige med ein dobbel vesentlegheitsanalyse før hausten 2025 og dette gav oss ein god peikepinn i kva retning bedrifta må fokusere.

Risikokartlegging og aktsomheitsvurderingar i tråd med openheitslova er ein del av berekraftsarbeidet og skal forsterkast i åra framover. Prosessen starta med å få ei oversikt over selskapa i konsernet sine største leverandørar, og ei vurdering av risiko for menneskerettsbrot i tilknytning til desse. Vurderingar skal ta for seg bransjerisiko, produktrisiko, geografisk risiko og risiko på verksemdsnivå. Ansvaret for å koordinere oppfølging av openheitslova er plassert i konsernleiinga og hjå innkjøpsansvarlege.

Vår verksemd

Hovudverksemda til Voss Energi er produksjon, overføring og omsetning av elektrisk kraft, samt utbygging og drift av fibernettverk og fjernvarme. Me sel også varmepumper og elbilladarar til private kundar. Konsernet Voss Energi har hovudkontor i Voss herad. Mesteparten av verksemda skjer innan Voss herad sine grenser.

Våre tredjepartar

Voss Energi er ein av dei store innkjøparane av varer og tenester i Voss herad. Me har om lag 850 leverandørar, frå dei heilt lokale og små til store internasjonale selskap. Leverandørane var i 2025 fordelt som følgjer:

Selskap	Største leverandørar
Mor	IKT, støtte til kultur og idrett, juridisk, finans, personell mm.
Nett	IKT, leverandørar av materialar og teknisk utstyr, entreprenørar
Produksjon	Leverandørar av materialar og teknisk utstyr, entreprenørar
Kraft	IKT, kraftkjøp, materiell og teknisk utstyr
Fiber	Tenester, leverandørar materiell og teknisk utstyr, entreprenørar
Bioenergi	Leverandørar av materialar og teknisk utstyr, entreprenørar

Aktsomheitsvurderingar

Voss Energi AS har gjennomført ei aktsomheitsvurdering basert på bransje og kva land leverandørane opererer i. Me har nytta EBRD (Environmental and Social Risk Categorisation List) og ITUC (International Trade Union Confederation) sin Global Rights Index for å kartlegga kva leverandørar som potensielt fører med seg risiko. Grunna stort volum i leverandørar var me nøyddde til å setja ei grense av kven som skulle vera inkludert i aktsomheitsvurderinga. Den blei då sett til kr. 100 000,- i innkjøpskostnader for å avgrensa arbeidet til dei mest vesentlege leverandørane.

Mogleg risiko i leverandørkjeda til Voss Energi AS

Totalt antall leverandørar	850
Leverandørar med innkjøpskostnad over kr. 100 000,-	178
Leverandørar som opererer i høgrisikoland	0
Leverandørar i høgrisikobransje	27

Det er ikkje blitt gjort ei full aktsomheitsvurdering av heile leverandørkjeda til Voss Energi med tanke på mogleg risiko i leverandørkjeda til våre leverandørar. Leverandørkjeda til nokre firma som me veit opererer i land som kan ha risiko tilknytta seg har blitt vurdert. Her har me avdekt ein leverandør med høg risiko i leverandørkjeda og fire med moderat eller mogleg risiko.

Særlege risikoområde

Aktsomheitsvurderingane har ikkje avdekka faktiske negative konsekvensar hjå våre leverandørar, men det er blitt avdekka risiko for det. 27 av våre leverandørar jobbar i det som blir kategorisert som høgrisikobransjar, bygg og anlegg, straum o.l., men det har ikkje blitt avdekka faktiske negative konsekvensar hjå dei berre risiko for det.

Alle selskap kan ha risiko for eksponering knytt til leverandørar frå bransjar som er kjent for uryddige forhold i høve til lønn, tilsettingstilhøve og arbeidstilhøve for utanlandske arbeidstakarar. Voss Energi AS har ikkje avdekkja faktiske negative konsekvensar i sin leverandørkjede, men det er risiko i leverandørkjeda til leverandørane.

Konsernet har risikoeksponering knytt til produkt produsert i eller med råmateriale frå land der menneskerettar og arbeidstakarrettigheter ligg på eit lågare nivå enn i Noreg. Dette gjeld gjerne produkt med ei lang verdikjede som i tillegg kan vere vanskeleg å følgja opp. Lov om offentlege innkjøp gjeld for nettselskapet sine innkjøp, der det vert stilt strenge krav til bl.a. lønns- og arbeidsvilkår. Det er også risiko knytt til til hardware, varmpumper og utstyr som kan vere produsert i land der den grunnleggjande respekt for menneskerettigheter er på lågare nivå enn i Noreg. Mesteparten av innkjøpa til dei ulike selskapa i konsernet går gjennom anerkjende leverandørar, men det er risiko i leverandørkjeda til leverandørane.

Varslingskanal / Innsynskrav

Dersom du ynskjer meir informasjon om korleis konsernet arbeidar med lova eller ynskjer innsyn i korleis me handterer moglege negative konsekvensar eller risiko kan du kontakta oss her: firmapost@vossenergi.no

Du vil få svar på din førespurnad innan 3 veker. Dersom mengda eller typen informasjon som er etterspurd gjer det særleg krevjande å svara innan denne fristen, kan den unntaksvis forlengast med inntil 2 månader.

Brot på etiske retningslinjer kan meldast anonymt i konsernet sitt internkontroll/kvalitetssystem.

Vegen vidare


Me tek sikte på at våre leverandørar skal stadfeste at leveransen deira er i tråd med våre etiske retningslinjer, og dermed stadfeste deira vurderingar knytt til openheitslova. Me vurderer også om det er aktuelt å utarbeida eigne etiske retningslinjer for leverandørar.

Internt skal me jobba for auka bevisstgjering og synlegheit av våre interne etiske retningslinjer, samt delta i bransjesamarbeid knytt til ansvarlege innkjøp (bl.a. i regi av Fornøybar Norge og Samfunnsbedriftene).

Voss, 13. mai 2026




Atle Neteland
Styreleiar



Thomas Hårklau
styremedlem




Rune Nesheim
Adm. direktør



Bjørg Djukastein
nestleiar



Morten Helgaset
styremedlem



Unn Fauskanger
styremedlem



Dag Arild Jensen
styremedlem